

## **LEDIG VIKARIAT FOR PSYKOLOG/PP-RÅDGJEVAR I 100% STILLING, PP-TENESTA**

Det er ledig 1 års vikariat som psykolog/PP-rådgjevar i **100%** stilling ved PPT i Fusa frå 01.08. 2010.

Kvalifikasjonar: Embetseksamen/hovudfag i psykologi, pedagogikk eller spesialpedagogikk. Søkjarar med anna relevant utdanning vert også oppmoda om å søkja.

PPT er ein del av Eining barn, Familie og Velferd og har i dag 3 heile stillingar fordelt på 4 tilsette.

PPT gjer utgreiingsarbeid, utarbeider sakkunnige vurderingar, inngår i tverrfagleg samarbeid og rådgjeving.

PPT skal også vera støttande overfor skular og barnehagar i kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

Psykolog ved PPT har i dag også samtalar med born og unge med lettare psykiske plager, har rettleiing for foreldre og er med på vurdering av tilvisingar til Barne- og ungdomspsykiatrien.

Det er ein fordel å ha kompetanse i høve testing og ynskjeleg om kunnskap om kartlegging av barn/ elevar.

Fagleiaransvar er per dags dato lagt til psykologstillinga.

Den tilsette må disponera eigen bil  
Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Ta kontakt med einingsleiar Svanhild Helland, tlf. 56580178, for nærare opplysningar.

Bruk søknadsskjema m/ CV som ligg på heimesida: [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no)

Søknad skal sendast:  
Fusa kommune  
Pb. 24, 5649 Eikelandsosen

**Søknadsfrist: 23.08.10**